

## Årshjul SFO 2023/2024

<b>Månad</b>	<b>Aktivitetar</b>	<b>Mål</b>
August	Bli kjent med kvarandre og skape gode relasjonar gjennom leik.	SFO skal tryggja overgangen frå barnehagen. Borna må bli kjent med personalet og det fysiske miljøet på SFO. Borna skal oppleva tryggleik og tilhøyrse.
September	Etablere gode rutinar. Bruke uteområdet til frileik, og gymsalen med styrte aktivitetar.	Gode rutinar gjer borna tryggare. SFO skal prioritera tid og rom for leik og leggja til rette for borns skaparglede, engasjement og utforskartrøng.
Oktober	Bruke uteområdet til frileik, sjå naturen i endring. Haustferie. Laga tradisjonsmat.	Vekke nysgjerrigheit hos borna, la borna utforske naturen. Vera aktiv i naturområdet på SFO. Få inn gode matvanar, gi rom for deltaking. Gode samtalar, følelse av eit fellesskap.
November	Vera ute, bruke naturområdet og skoleplassen til ulike aktivitetar. Leik. Lette formingsaktivitetar inne på SFO-rom.	Vera ein del tå eit fellesskap, ha medverknad til ulike aktivitetar. Leggja til rette og inspirere til eit godt leikemiljø for alle.
Desember	Vera aktiv ute eller inne i gymsalen på kalde dagar. Juleaktivitetar. Kva tradisjonar har me? Leik	Respektere ulikheit, dele erfaringar om eigne forutsetningar og kultur. Støtte borna i å skapa sine eigne uttrykk gjennom kulturaktivitetar.
Januar	Kva skjer med vatn når det blir kuldegradar ute? Vera ute, å ha ulike vinteraktivitetar. Lette formingsaktivitetar inne. Leik.	Leggja til rette for leik, inspirere til aktivitet som kan bidra til læring og kreativitet.
Februar	Ha ulike aktivitetar i gymsalen. Bruke uteområdet og naturområdet til frileik. Vinterferie.	Leggja til rette for at alle born skal få mogelegheit til å delta i leik. Støtte opp om

	Bruke bassenget som ein del av aktivitetane i vinterferien.	at leiken kan skapa relasjonar og vennskap. Variert fysisk aktivitet og rørsle.
Mars	Påskeførebuingar. Kva for påsketradisjonar har me? Uteaktivitetar Inne-aktivitetar Frileik	Medverknad til ulike aktivitetar. Ta vare på og anerkjenne ulike syn på tradisjonar. Framme rørsleglede og kulturelle aktivitetar.
April	Sjå etter ulike vårteikn. Vera ute i naturområdet Vera kreative, kan me laga noko av ting me finn i naturen? Markering av SFO-dagen 24. April!	SFO skal gje mogelegheit for ein meningsfylt leik og fritid. Leggja til rette for at borna skal føle meistring.
Mai	Vera mest mogeleg ute, bruke uteområdet og naturområda i nærleiken. Laga 17. Mai pynt Ha ulike gamle 17. Mai leiker.	Inspirera til skaparglede, nysgjerrigheit og kreativitet. SFO skal oppmuntre borna til å delta i fellesskap.
Juni		

## Måltid

På ettermiddagen får borna eit måltid. Måltidet består i hovudsak av brødmatt, men av og til hender det at det blir laga noko ekstra.

Pålegg, brød og knekkebrød blir sett fram på bordet. Borna må sjølv smørja sin eigen mat. Rundt bordet er det gode samtalar og me øver oss på gode rutinar og bordskikk.

Personalet deltek aktivt i måltidet.

### **Rammeplan 3.5. Mat og måltidsglede**